



## Målbruksplan for Voss kommune

### 1. Språkpolitiske mål

Føremålet med planen er å sikra god språkbruk i offentlege samanhengar.

Skriftspråket som vert nytta i kommunen skal vera så godt og variert som mogeleg. Me kan nytta former i skriftspråket som ligg opp til talemålet.

Dialekten (målføret) er ein viktig del av den lokale kulturarven. Kommunen ser det som ei sentral oppgåve å verna om dialekten vår gjennom levande bruk og utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet vert lagt i barnehage og skule. Opplæringslova § 2-5 omtalar målformer i grunnskulen. Her kan me merka oss at i den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruka.

Undervisningspersonalet og skuleleiinga skal likevel i størst mogeleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåte. På same vis må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.

Bibliotektenesta står sentralt i arbeidet med kultur- og informasjonsformidling. Tenesta har eit særleg ansvar når det gjeld nynorsk litteratur til born og unge.

### 2. Retningsliner for skriftspråket i administrasjonen

Uttrykksmåten, korleis me ordlegg oss, er ein viktig reiskap for å få eit flytande og godt språk. Det er særleg viktig at me nyttar ein aktiv og ikkje passiv setningsbygnad, at ordrekkjefølgja er som i talemålet, og at me unngår for mykje substantiv. På nynorsk er det oftast betre å bruka verb og adjektiv der det på bokmål er substantiv.

Språket vert ledigare om me brukar ei personleg form. Me bør unngå det upersonlege pronomenet *ein*, bruk *eg* eller *me/vi* i staden.

Me bør bruka norske ord i staden for framandord, så sant det let seg gjera.





### **3. Tiltak**

#### **3.1 Opplæring**

Kommunen tek sikte på å gje kommunalt tilsette tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. Tilsette i barnehage og skule skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialektar og lokal kultur.

#### **3.2 Lysingar**

Ved utlysing av stillingar i organ som dekker større område enn den lokale marknaden, skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.

#### **3.3 Materiale på nynorsk**

Alle skjema, blankettar o.l. som vert brukte i kommunen skal vera på nynorsk.

Skriftlege oppgåver og meldingar som barnehagane og skulane lagar, skal vera på nynorsk.

### **4. Prinsipp for praktisering av planen**

Voss kommune nyttar nynorsk skulemål og har nynorsk som administrasjonsmål. Kommunen krev nynorsk i skriv frå statlege organ til kommunen. Det er valfritt å nytta me eller vi. Viser elles til [Språkrådet si rettleiing om konsekvent nynorsk](#).

**Planen er vedteken av Administrasjonsutvalet 19.9.2016, sak 6/16.**